


Tilstandsrapport 2022 – Sørfjorden barnevernsteneste

Interkommunalt samarbeid mellom Osterøy, Vaksdal og Modalen



Innhald

1.0 Oppsummering.....	3
2.0 Innleiing	3
2.1 Tilstandsrapportering som ein del av kvalitetsutviklinga	4
3.0 Om Barnevernet	4
3.1 Ansvar	4
3.2 Sørfjorden barnevernsteneste	5
4.0 Temaområder	6
4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi	7
4.2 Dekningsgrad og kapasitet	8
4.3 Kvalitet.....	10
4.4 Økonomi	11
5.0 Samarbeid med andre sektorar.....	12
6.0 Førebyggande arbeid.....	12
7.0 Utfordringsbildet	13
8.0 Innsatsområde og tiltak.....	13

1.0 Oppsummering

Barneverntenesta i Norge har hatt eit større fokus retta mot seg dei seinare år, og barnevernsreforma som trådde i kraft 2022, og den nye barnevernlova som trådde i kraft i 2023 har stor betydning for korleis tenesta og kommunane bør tenke kring framtidige tenester i barnevernet.

Barnevernsreforma, også kalla oppvekstreforma, vil gje kommunane fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, og auka kommunale eigenandelar for bruk av spesialiserte hjelpetiltak, spesialiserte fosterheimar, institusjonar og akutte tiltak. Kommunane får i tillegg eit heilskapleg ansvar for oppfølging og rettleiing av fosterheimane, noko som tidlegare var delt mellom statleg barnevern og kommunalt barnevern.

Den nye barnevernlova er ei modernisering av lova. Lova skal bidra til eit betre barnevernsfagleg arbeid, styrke barn og foreldre sin rettstryggleik, og bidra til aukt vekt på førebyggjande arbeid.

Sørfjorden barnevernsteneste har hatt eit ekstraordinært år i 2022. Året starta for Osterøy kommune med eit tilsyn på barnevernet sitt undersøkingsarbeid frå statsforvaltaren som synar til lovbrøt. Det var ein sårbar situasjon for tenesta med fleire vakante stillingar våren 2022. I april 2022 vart det vedteke at Osterøy kommune er vertskommune i eit interkommunalt samarbeid med Vaksdal og Modalen kommune si barnevernsteneste. Samanslåinga vart iverksett 01.07.22. Sørfjorden barnevernsteneste har i 2022 tilsett 10 sakshandsamarar grunna stor utskifting av tilsette. Tenesta har totalt 12 stillingsheimlar. Per januar 2023 er det tilsett fagleiar som tilttrer i april 2023 og det er lyst ut 3 vikariat som kontaktperson/sakshandsamar.

2.0 Innleiing

Føremålet med tilstandsrapporten er å gje kommunestyret betre innsikt stoda, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane.

Ein god tilstandsrapport skal sikra at både politikarane, kommunetilsette og innbyggjarane får innsikt i korleis barnevernet arbeidar, og kva problemstillingar tenesta møter. Vidare kan tilstandsrapporten skapa grunnlaget for dialog om prioriteringar og forventningar. Rapporten vil kunne bidra til meir openheit og innsikt i barnevernets arbeid.

2.1 Tilstandsrapportering som ein del av kvalitetsutviklinga

Eit av dei viktigaste føremåla med tilstandsrapporten er at den skal sikra auka bevisstgjerung i kommunane om kva som er eit godt barnevern. Det er ikkje sjølv rapporten som er viktig, men prosessen med å utarbeide denne, samt behandling og diskusjon av innhaldet i den i etterkant.

Kommunar som jobbar godt med fagleg utvikling av barnevernet og samordning av tenestetilbodet, kjenneteiknast ofte av at den politiske og administrative leiinga er tett på arbeidet, vurderer kvaliteten i eiga teneste og stillar klare forventningar som bidreg til å skapa vidare retning.

3.0 Om Barnevernet

3.1 Ansvar

Kommunen sin øvste politiske og administrative leiing har det overordna ansvaret for at barnevernstenesta vert forvalta i tråd med gjeldande lov og forskrift.

Formålsparagrafen til barneverntenesta er førande for kva tenesta skal tilby. Føremålsparagrafen er den same som i tidlegare lov. Barnevernlova § 1-1:

Loven skal sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deres helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og beskyttelse til rett tid. Loven skal bidra til at barn og unge møtes med trygghet, kjærlighet og forståelse. Loven skal bidra til at barn og unge får gode og trygge oppvekstvilkår.

Barnevernstenesta si plikt til å gripe inn har ikkje endra seg i ny lov frå 2023. Barneverntenesta si plikt til å gripe inn er når:


- Barnet på grunn av forhold i heimen eller av andre grunnar har eit særleg behov for eit hjelpetiltak
- Ved alvorlege manglar i den daglege omsorga som barnet får, eller ved alvorlege manglar ved den personlege kontakt og tryggleik som det treng etter sin alder og utvikling.
- Foreldre som ikkje sørger for forsvarleg hjelp til barn som vert sjuk, eller funksjonshemma eller spesielt hjelpetrengande barn får dekkja sine særlege behov for behandling og opplæring.
- Barn som vert mishandla eller utsett for andre alvorlege overgrep i heimen

- Der det er overveiande sannsynligheit for at barnets helse eller utvikling kan verte alvorleg skada.
- Barnet har alvorlege åtferdsvanskar som til døme ved vedvarande eller gjentatt kriminalitet eller i vedvarande misbruk av rusmidlar eller på anna måte.

Ved kjennskap til forhold nemnt ovanfor, har barnevernstenesta plikt til å gjere nærare undersøkingar.

3.2 Sjørfjorden barnevernsteneste

Osterøy kommune er vertskommune for den interkommunale barnevernstenesta for Osterøy, Vaksdal og Modalen kommune. Sjørfjorden barnevernsteneste er fellesnamnet på tenesta. Tenesta har 12 årsverk, fordelt på barnevernleiar, kontorfagleg tilsett, fagleiar undersøking (Ny i 2023), koordinator for omsorgsteam og kontaktpersonar/sakshandsamarar.



Barnevernstenesta driftar ikkje eigen akuttberedskap utanom ordinær arbeidstid, men er tilslutta barnevernsvakta i Bergen.

Sørkjorden barnevernsteneste skal sikre hjelp og tiltak til det beste for barna i våre kommunar.

Framtidige innsatsområdet: Barnevernstenesta skal bidra med godt forebyggande arbeid i kommunane, med plan for førebyggande arbeid mot omsorgsvikt og åtferdsvanskar.

Den interkommunale barneverntenesta er under etablering og vidare utvikling. Vi har sett opp nokre tiltak for tenesta for året 2023:

- Kompetanseheving på dokumentasjon av barnevernsfaglege vurderingar, vekte barnets synspunkt/stemme og barnets beste vurdering opp mot andre forhold i saka.
- Kvalitetssikre gjennom eigenvurdering «den raude tråden»: melding, undersøking, konklusjon – Planlegging.
- Planleggja kompetanseheving om utviklingsarbeid i undersøking; *Analyse i komplekse barnevernssaker.*
- Rettleiing:
 - Implementering av metode.
 - Utviklingsarbeid av rettleiing gjennom læringsnettverket (starta februar 2023, ved hjelp av RKBU).

4.0 Temaområder

Statistikk er henta frå kommunemonitor barnevern, som er ei samling av indikatorar som gjer kommunar oversikt over tenesta si utvikling over tid. Verdiar for den einskilde kommune vert samanlikna med verdiar for fylket Vestland.

Nedanfor er det eit utval frå statistikken. Den visar som kjent er, at vi har stabile barnetal i alle tre kommunane samanlikna med fylket vårt.

**Merknad: Kommunar med små innbyggjartal bør vere merksame på at nokon få barn kan gje betydelege utslag i statistikkandelen frå år til år.*

4.1 Bakgrunnsinformasjon/demografi

Bakgrunnsinformasjon ▶				
Barn i befolkningen (2021) >	Osterøy	22.3 %	21.2 %	
	Vaksdal	20.5 %	21.2 %	
	Modalen	25 %	21.2 %	
Andel barn som bor i lavinntektsfamilier (2020) >	Osterøy	10 %	10.5 %	
	Vaksdal	13.1 %	10.5 %	
	Modalen	11.7 %	10.5 %	
Enslige forsorgere med barn under 18 år (2021) >	Osterøy	14.4 %	15.4 %	
	Vaksdal	18.9 %	15.4 %	
	Modalen	19.6 %	15.4 %	
Andel i befolkningen med utdanning utover grunnskole (2021) >	Osterøy	71.6 %	77.1 %	
	Vaksdal	71.2 %	77.1 %	
	Modalen	73.6 %	77.1 %	
Utgifter til forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste pr. innbygger 0-17 år (2021) >	Osterøy	4 066 kr	3 956 kr	
	Vaksdal	5 186 kr	3 956 kr	
	Modalen	3 191 kr	3 956 kr	
Barn med bekymringsmelding i forhold til barnebefolkningen (2021) >	Osterøy	5.8 %	3.6 %	
	Vaksdal	5 %	3.6 %	
	Modalen	12.6 %	3.6 %	

Kommunane ligg jamt med snittet i fylket på dei fleste områda. Modalen har noko høgare barnetal, og andel barn med bekymringsmelding. Andel i befolkninga med utdanning over grunnskule er i dei tre kommunane noko lågare enn snittet i fylket. Samt ligg Vaksdal litt over på andel barn som bur i låginntektsfamilier (tal frå 2020 og 2021).

4.2 Dekningsgrad og kapasitet



Vår barnevernsteneste ligg over snittet på barn i undersøking og tiltak i barnevernstenesta.

Mogleg årsak (hypotesar) til det er;

- Manglande kompetanse om opplysningsplikt (meldeplikt)? Vert det meldt bekymring på saker utan oppfylte vilkår i lov, jf. Barnevernslova § 13-2 (ny lov).
- For mange bekymringsmeldingar vert konkludert med undersøking og få saker vert henlagte. Dette kan skuldast fleire faktorar. Ein felles «trend» i alle tre kommunane er at saker vert opna for å forebygge at problema vert større (mål: tidleg innsats). Eit lovfesta ansvar hjå barnevernstenesta i tidlegare lov om barnevernstenester 1992, § 3-1, 3.ledd.

- Manglande førebyggande arbeid/tiltak i kommunen – ukjend kva tenestetilbod det er på eit lågare nivå, både for innbyggjarane og offentlege.
- Manglande kunnskap om kvarandre sine lovverk og tenestetilbod.
- Manglande tverrfagleg samordning og samarbeid (rutine/prosedyrar).

Vår barnevernsteneste ligg jamt på snittet i fylket i høve barn som bur utanfor heimen i høve innbyggjarar. Me ligg litt over/jamt i høve barn med tiltak i heimen (av barn i barnevernet). Me har nesten dobbelt så mange saker per årsverk som snittet på fylket. Mogleg årsak (hypotese) til det er:

- Dette kan henge saman med påstandane over – manglande/lite kunnskap om eller arbeid med førebygging, manglande/lite kunnskap om tenestetilbod på lågare nivå, manglande kompetanse på opplysningsplikt/meldeplikt, for mange bekymringsmeldingar går til undersøking, og vert henlagt etter undersøking.
- I høve talet på saker per årsverk, kan det vere fleire årsaker: som knytt til påstand over, at for mange saker vert konkludert med undersøking. Siste halvdel av 2021/første halvdel 2022 i Osterøy var det fleire vakante stillingar, samt at det var vanskar med å rekruttere.

4.3 Kvalitet



Barnevernstenesta rapportera halvårleg til Statsforvaltar på utvalde variablar. Tenesta følj opp fosterheimar og born og unge med tiltak i heimen. Dette arbeidet har det vore fleire avvik på ved tidlegare rapportering. Tenesta ser ei betring på innsendt rapportering for siste halvår 2022.

Grunn til avvik i rapport frå første halvår 2022 skuldast at tenesta hadde fleire vakante stillingar, utfordring med rekruttering, samt eit høgt sjukefråvær. I denne perioden har statsforvaltaren tilsyn av tenesta på arbeid med undersøkingar. I april blir det vedteke eit interkommunalt samarbeid som trådte i kraft 01.07.22. Det har i heile perioden vore jobba intensivt med å rekruttere. Frå mars til desember 2022 vart det tilsett 10 sakshandsamarar. Det har vore gjennomført eit omfattande arbeid med opplæring, ny organisering og struktur. Parallelt skjer ei innføring av barnevernreform og nytt lovverk.

4.4 Økonomi

		Verdi for valgt sted	Verdi for fylket	Spredning	Stedets plassering	Verdi for fylket
Økonomi ▶						
Utgifter til barnevern pr. barn i befolkningen 0-17 år (2021) >	Osterøy	10 788 kr	11 081 kr			
	Vaksdal	12 885 kr	11 081 kr			
	Modalen	4 526 kr	11 081 kr			
Utgifter pr. barn i barnevernet (2021) >	Osterøy	115 886 kr	164 475 kr			
	Vaksdal	153 231 kr	164 475 kr			
	Modalen	33 077 kr	164 475 kr			
Utgifter pr. barn som bor utenfor hjemmet (2021) >	Osterøy	485 391 kr	434 949 kr			
	Vaksdal	397 750 kr	434 949 kr			
	Modalen	..	434 949 kr			
Utgifter pr. barn som får tiltak i hjemmet (2021) >	Osterøy	46 292 kr	54 246 kr			
	Vaksdal	84 857 kr	54 246 kr			
	Modalen	35 714 kr	54 246 kr			
Andel av barnevernsutgiftene som går til saksbehandling (2021) >	Osterøy	23.4 %	33.6 %			
	Vaksdal	28.2 %	33.6 %			
	Modalen	41.9 %	33.6 %			
Andel av kommunens totale utgifter som brukes på barnevern (2021) >	Osterøy	3.6 %	3.5 %			
	Vaksdal	3 %	3.5 %			
	Modalen	0.6 %	3.5 %			

Kommunen har ikkje full oversikt over konsekvens av auka eigenandelssatsar. Dette må sjåast på i framtidige budsjett og handlingsprogram for den einkilde kommune. I tillegg vert dette arbeida med som ein del av rapporteringssystemet frå barnevernet til den einkilde kommune.

Ny lov, og førebyggjande plan vil kunne ha positiv og kostnadssparande effekt for kommunane på sikt, ved at ein tydeleggjer ansvar, rollar og korleis ein skal samhandle framover. Her med fokus på tidleg innsats.

5.0 Samarbeid med andre sektorar

Samordning og samarbeid er avgjerande for å gi barn og familiar rett hjelp til rett tid. Alle tenestene har eit sjølvstendig ansvar for å gi den hjelpa dei er pliktig til etter regelverket. Eit av dei nasjonale kvalitetsmåla til barnevernet er at innsatsen skal vera samordna og prega av kontinuitet. Samordning og samarbeid inneber å koordinera «kven som gjer kva», sørga for at dei ulike tenestene jobbar mot same mål og at naudsynt og tilstrekkeleg informasjon blir delt mellom tenestene for å hjelpa barnet best mogleg.

Derfor er det viktig å gjera greie for samarbeidet med andre aktørar og tenesteytarar i kommunen, for å sikra at barn får den hjelpa dei har behov for.

Barneverntenesta er ein del av familiens hus i Osterøy kommune. I familiens hus er ein samlokalisert og samorganisert med pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), Barn- og familieteamet og helsetenesta for barn og unge. Vidare samarbeida barneverntenesta med aktuelle instansar som til dømes: psykiatri og rus, politiet, fastlege, NAV, skular og barnehagar.

Barneverntenesta deltek i fleire samarbeidsfora som til dømes tverrfagleg konsultasjonsteam om vald og seksuelle overgrep og tverrfagleg team.

6.0 Førebyggande arbeid

I ny barnevernslov er det lovfesta eit krav om at kommunestyret sjølv skal vedta ein plan for arbeidet til kommunen for å førebygga omsorgssvikt og åtferdsproblem.

Dette vil vera eit viktig verktøy for å sikra forplikting til og systematisk innsats for å leggja til rette for heilskapelege tenester til barn og unge. Departementet foreslår at planen skal innehalda ei skildring av overordna mål og strategiar for det heilskapelege tenestetilbodet, korleis ansvaret skal fordelast mellom etatane, korleis oppgåveløysinga skal organiserast og korleis ulike etatar skal samarbeida.

Kommunane har komen ulikt i arbeidet med førebyggande plan. I Osterøy og Modalen er planen i prosess medan Vaksdal kommune er ferdig med sin plan.

7.0 Utfordringsbildet

Sørfjorden barnevernteneste har fleire utfordringar i åra som kjem.

- Sikre kompetansekravet frå 2031
- Implementering av nytt lovverk og reform
- Nye rutinar og nytt fagsystem.
- Sikre dokumentasjonskrava jf. høgare krav til dokumentering og journalplikt.
- Nye oppgåver etter reforma med oppgåveforskyving frå Bufetat.
- Økonomiske rammer
- Ingen refusjonsordning eller overføring av øyremerka midlar til stillingar.
- Behov for fleire hjelpetiltak
- Rekruttere og behalde tilsette

8.0 Innsatsområde og tiltak

Sørfjorden barnevernteneste har fleire innsatsområde og tiltak i åra som kjem. Fleire av innsatsområda må sjåast i samanheng med kommunane sine planar for det førebyggjande arbeidet.

- Kompetanseheving.
- Deltaking i læringsnettverket.
- Deltaking i barnevernsløftet.
- Nytt fagsystem.
- Rettleiing til fosterheimar.
- Tiltak på tvers av einingar jf. Oppvekstreforma.
- Bidra i plan for førebyggjande arbeid.
- Tenesteutviklingsprogram saman med KS-konsulent.